



Regler for utleie av Klubbhuset

HAUGALAND GOLFKLUBB INFOSKRIV

1. Sveio Golfpark AS (SG) eig klubbhuset "Birdie". "Birdie" brukes av Haugaland Golfklubb som sitt klubbhus. Når lokalet ikkje vert nytta av Haugaland Golfklubb, kan SG leiga lokalet ut til andre leigetakarar. Leigetakar kan nyttaselskapslokalet (inkludert lyd og audiovisuelt utstyr), ikkje simulatorrom og lærarrom, kjøkkenet (med alt utstyr) og WC/garderobar.

2. Følgjande satsar (inkludert straum) gjeld for leige av lokalet:

- Leige av lokalet til møterom på dag/kveldstid: kr 1.750 eks mva (inkl vask)
- Leige av lokalet til serveringsverksemd: kr 1.500 eks mva + vask (750,-) Eller avtalt % av omsetning
- Leige av lokalet som selskapslokale på dagtid kr 2.000 + vask (750,-)
- Leige av lokalet som selskapslokale på kveldstid og helg er kr 3.500 + vask (750,-). (kr 2.500 + vask (750,-) for medlemmer i Haugaland Golfklubb)

3. Leigetakar skal rydda lokalet etter bruk, vaska alle kjerald som er nytta (ref. eigen instruks for bruk av oppvaskmaskin) og gjera reint på kjøkkenet og gjera resten av lokalet klart for vasking. SG har avtale med reingjeringsfirma som sørger for vasking av lokalet etter bruk. Leigetakar vert fakturert kostnaden med slik reingjering.

4. Kjøkkenet er ikkje utstyrt for/har ikkje løyve til lokal tilbereding av mat.

5. "Birdie" har ikkje skjenkeløyve for alkohol og Leigetakar må retta seg etter dei retningslinjer som til ei kvar tid gjeld for skjenking i Sveio Kommune.

6. Leigetakar må dekkja eventuelle skader på hus og inventar som er forårsaka av Leigetakar eller nokon han har gjeve tilgang til lokalet.

7. Leigetakar skal gjera seg kjent med gjeldande brannplan for "Birdie", likeeins gjera gjestene kjent med same og utvisa aktsemd i all omgang med brannfarleg materiale. Det er forbode å røykja i "Birdie".

8. Når lokalet vert forlete skal lys og komfyrar vera sløkte, ventilasjon regulert til normal modus, sikringsalarmar kopla inn (ref. eigen instruks), alle vindaugo lukka og ytterdører låste. Nøkkle skal leverast i proshop (etter stenetid i dørluka).